



*Vinje kommune*



## ETISKE RETNINGSLINER

### GODE MEDARBEIDARAR OG FOLKEVALDE

Alle medarbeidarar, folkevalde eller andre som handlar på vegne av Vinje kommune, skal opptre i tråd med kommunens etiske rammer. Føremålet med dei etiske retningslinene er å gje rettleiing og støtte for eigen praksis, handlingar og refleksjon. Våre haldningar og handlingar påverkar innbyggjaranes tillit til kommunen. Vinje kommune sitt grunnleggjande prinsipp er å drive verksemda på ein open, ærleg og skikkeleg måte. Både folkevalde og medarbeidarar har eit personleg ansvar, for å etterleve dette grunnleggjande prinsippet.

Jan Myrekrok

Rådmann

# Som medarbeidarar og folkevalde i Vinje kommune har me eit bevisst forhold til:

## ■ PROFESJONALITET

Alle som er i kontakt me kommunens representantar skal oppleve at:

**Me møter** menneske med respekt

**Me tek vare på** innbyggjaranes rettar og plikter

**Me nyttar** fagkunnskap og skjønn i arbeidet og møter menneske med verdigheit

**Me sørger** for at fortrulege opplysningar ikkje kjem på avvege, og misbruker ikkje tilgang til informasjon

**Me er lojale** i oppfølginga av administrative og politiske avgjersler.

**Me følgjer** norsk lov, interne reglar og god forvaltningsskikk.

**Me er bevisste** på at haldningar og handlingar kan skade kommunens omdømme.

## ■ DIALOG OG OPENHEIT

**Me lyttar** til innbyggjarane gjennom dialog, brukarmedverknad og høyringar

**Me sikrar** det offentleges krav på innsyn, og er profesjonelle i kontakt med media.

**Me trer** ikkje fram som representantar for kommunen vår når vi deltek i samfunnsdebatten som privatpersonar.

## ■ INTERESSEKONFLIKT

**Me informerar om** private forhold og interessar som kan påvirke avgjersler eller utføring av oppgåver for kommunen.

**Me sikrar at** eigen habilitet blir vurdert, før me sakshandsamar eller tek avgjersler.

## ■ GÅVER OG REPRESENTASJON

**Me tek ikkje imot** arv, gåver eller personlege fordelar i arbeidet, men gåver av ubetydeleg verdi kan me motta om det er avklara med leiar.

**Me avklarar** med leiar kva for arrangement me kan delta på i samanheng med jobb.

## ■ PENGAR OG EIGENDELAR

**Me arbeider** for fellesskapets beste, og ser til at kommunens økonomiske verdiar vert forvalta på ein forsvarleg måte.

Me tek omsyn til miljøet og bidreg til reduksjon av energibruk og klimautslepp.

Me er ansvarsfulle i forvaltninga av brukaranes pengar og eigendelar.

## ■ INNKAUP

**Me følgjer regelverket** om offentlege anskaffingar og er profesjonelle i rolla saman med leverandørar.

**Me kjøper** varer og tenester gjennom kommunens rammeavtaler og kontrakter.

**Me kjøper ikkje** varer eller tenester frå kommunens tilsette, tidlegare tilsette med karantene, venner eller slektningar.

**Me tek ikkje imot** særlege fordelar ved private kjøp av varer eller tenester frå kommunens leverandørar.

## ■ ARBEIDSMILJØ

**Me tek ansvar** for å fremje eit godt og inkluderande arbeidsmiljø.

**Me skapar** helsefremjande arbeidsplassar ved å bidra til arbeidsglede og jobbegasjement.

**Me tek avstand** frå diskriminering, mobbing og trakassering.

## ■ VARSLING

**Me har rett og plikt** til å varsle om kritikkverdige forhold.

**Me har mot** til å varsle. Leiinga skal ivareta den som varslar, og ta ansvar for at kritikkverdige forhold blir retta opp. Den som varslar skal ikkje bli utsett for gjengjelding.

Tilsette og folkevalde kan ta imot gåver av liten verdi, så som reklamemateriell, blomar og liknande. Gåver **over 500 kr** skal returnerast avsendar saman med eit brev som gjer greie for kommunen sine reglar på dette punktet.

Tilbod om "gåver" for å ta eit bestemt standpunkt i enkeltsaker skal avslåast, og rapporterast via næraste overordna til rådmann/ordførar og revisjon.

Tilbod om reiser, turar, kurs frå firma eller organisasjonar som ynskjer å presentere sitt produkt, er akseptabelt dersom kommunen sjølv betalar kostnadene ved opphaldet/reisa.

Dersom ein er i tvil om eit tilbod om gåver, turar mv. er akseptabelt, skal ein ikkje ta imot. I alle høve skal dette takast opp med overordna.



Vinje kommune